



Notat

Dato: 02.09.2016
Arkivsak: 2014/11266-18
Saksbehandlar: irevelu

Til: Fylkesordføraren

Frå: Fylkesrådmannen

Svar på brev - Angående vinteropen veg over Imingfjell Fv. 755/124 Tessungdalen-Uvdal

Avsendar Bjarne Fuglested ber i brev av 18 august 2016 at vegen over Imingfjell Fv. 755/124 blir vinteropen, då han meiner vinteropen veg ikkje medfører problem for villreinen.

Føremålet med dette notatet er å gi ei orientering om kvifor Imingfjell er vinterstengd. I vedlagt saksframlegg til søknad om forsøksordning med vinteropen fylkesveg over Imingfjell, finn ein grundig bakgrunnsmateriale om saka.

Imingfjell Fv. 124 er del av Nasjonalt villreinområde i Regional plan for Hardangervidda. Lenke til planen: <http://www.fylkesdelplan-hardangervidda.no/uploads/Hardangervidda%20rapport%20-%20trykket%20versjon%20-%20mars%202012.pdf>

Vinterstenginga av Imingfjell Fv. 124 er fastsett i retningslinje 2.3, på s. 49, av omsyn til villreintrekk til Lufsjåtangen:

- «Veien kan holdes åpen med unntak av perioden 30. november til 1. april, eller til påske når denne faller i mars.
- Veien kan stenges på kort varsel dersom det er villrein i området.»

Imingfjell er trekt fram som eit av fleire trekk som utgjer dei viktigaste heilheitsgrepa i konsekvensutgreiinga i plandokumentet, på s 60-61:

- «Fv. 124 anbefales videreført som i dag, dvs. at den skal være stengt for bruk om vinteren.
- Dette er viktig for å holde trekket til gode vinterbeiter på Lufsjåtangen åpent.
- Det vurderes som særlig viktig fordi den andre store østlige tangen, Dagatalangen, i praksis er gått ut av bruk.
- Denne tangen er også viktig reserveareal i vinter med mye snø og is inne på selve Vidda.»

Fylkesutvalet gjorde følgjande vedtak på møte 29.10.2015 i handsaming av Nore og Uvdal kommune sin søknad om forsøksordning med vinteropen fylkesveg Imingfjell.

«1. Fylkesutvalet i Hordaland avslår søknad om forsøksordning med vinteropen fylkesveg over Imingfjell av omsyn til villreinens behov. Spørsmålet vart grundig vurdert i Regional plan for Hardangervidda og vart ut frå ei heilskapleg vurdering da avvist. Ein dispensasjon vil dessutan svekke den regionale planen som styringsverktøy.

2. Spørsmålet om vinterbrøyting kan om ønskeleg takast opp ved rullering av Regional plan for Hardangervidda. Tidspunkt for rulleringa av den regionale planen vert avklart i dei tre fylkas

planstrategiar.

3. Eit eventuelt prøveprosjekt krev eit positivt vedtak i alle tre fylkeskommunar fordi dette vil vere i strid med ein felles vedtatt plan.

I Handlingsprogrammet (prosjekt 6) til den regionale planen, er det beskrive pågående arbeid for å kartlegge aktivitet og eventuelle verknader av inngrep og ferdsel på villreinens bruk, framtidig bruk av Lufsjåtangen, og vurdering om opp følgjande tiltak. Prosjektet er gitt prioriteten høg, og Telemark fylkeskommune har prosjektansvaret.

Konklusjon:

Brevet frå Bjarne Fuglestad kan takast med som innspel til rulleringa av den regionale planen.

1 Vedlegg - Saksframlegg: Søknad om forsøksordning med vinteropen fylkesveg over Imingfjell